


Eg er framleis imot ei utbygging av området slik mitt førre høyringsfråsegn sa.

Vil og poengtere at det har vært ein belastning at søkar har kunne endra sin søknad og kjem tilbake når det passa med ein ny. Det har framstått som om tiltakshavar har brukt innspela som har kome inn, og omforma dei til sin eigen fordel i søknaden. Som eg vil påstå, framleis er heilt lik berre sjølve utbygginga er gjort mindre.

Ei utbygging i fjellområdet her vil påverke området, og utifrå økologisk grunnkart (sjå bilete), ser vi at den utbygginga som blei godkjent i 2016 allereie har «fragmentert» området frå inngrepsfritt til mindre inngrepsfritt. Tar ein og bygger ut demningen ved munningen til Selsvatnet vil heile Selsvatnet også bli tatt vekk som inngrepsfritt. Dette fører til fragmentering av landskapet og ein stor jafs i bit for bit nedbygginga vi driver med. Skal vi og eg (som berre er 28 år) ha ein robust framtid må vi ha intakt natur og spele på lag med den. Vi kan ikkje forringe den ved å bygge ut «litt og litt», det er ikkje eit naturiltak eller berekraftig.

Eg vil og poengtere tydeleg at dei som eiger hovuddelane av Norsk Vannkraft AS er utanlandske investorar (90%). Det er heilt grusomt å tenke på at nokon frå eit anna land skal få tene på at selskapet får lov å bygge ut her. Ein natur dei ikkje har kjennskap til eller tilknytning. Her skal dei få lov å tene seg rike, medan lokalbefolkninga (med unntak av grunneigarar) ikkje får ei krone og sitter igjen med eit oppdemma vatn som har forringa området.



Området i rødt vil bli forringa og ikkje lenger inngrepsfritt i høgjellet om utbygginga blir godkjent. Kilde: økologisk grunnkart-artsdatabanken: <https://okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no/?layers=985,986&favorites=false>